

Årsmelding 2020



Foto: Ny sandstrand i Bolvika i Sula i 2020 vart tatt i bruk frå første dag og er ein stor suksess.

Innhald:

Forord	3
Styret i 2020	4
Styret – handsaming av saker i 2020	4
Årsmøtet 2020	5
Staben i Sunnmøre friluftsråd	8
Møte, representasjonsoppgåver m.m.	9
Aktivitetsarbeidet	11
Stikk UT!	13
«Årets regionbygger 2020»	15
Påskekonkurranse	16
Friluftsskular	16
Kom UT	17
Kajaknettverk	18
Turkort	20
Naturlos	21
Leikepatruljen	21
Innvandrarprosjektet «Naturen som eg er ein del av»	22
Førjulskveldar	24
Marin forsøpling	26
Rydding	26
Skjergardstenesta i Møre og Romsdal	28
Friluftsområdet Hundsvær/Tyskholmen i Borgundfjorden	29
Drift sjøbaserte friluftsområde	31
Kystleia	31
Drift, skjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv	32
Drift land	32
Sykkelparkeringsstativ	34
Statleg sikring	36
Kontor, verkstad, lager og utstyr	37
Økonomi og rekneskap	38
Vedlegg til årsmeldinga	41
Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane	41
Oversikt over friluftsområde der friluftsrådet har ansvar for	41
Oversikt eigedelar i Sunnmøre friluftsråd (KO)	42
Gjeldande samarbeidsavtale for Sunnmøre friluftsråd (KO) vedteken 2020	44

Forord

2020 har vore eit svært spesielt og krevjande år for dei fleste, også for Sunnmøre friluftsråd (KO). Koronapandemien har utfordra både kreativiteten og handlekrafta vår. Nokre planlagde tiltak måtte avlysast eller omarbeidast, nokre midlar måtte returnerast fordi tiltaket ikkje kunne gjennomførast risikofritt for smitte, og det dukka opp nye tilskotsordningar med korte søknadsfristar og kort tid på gjennomføring. I sum er friluftsrådet langt mindre råka enn mange andre av restriksjonane. Ingen av dei tilsette har blitt permitterte eller smitta av Covid 19, og vi har lært mykje som vi tek med oss.

Det har også vore mange lyspunkt, spesielt gledeleg var det at både Sykkylven og Vanylven vart medlemmar i Sunnmøre friluftsråd dette året. Friluftsrådet er omgjort til eit kommunalt oppgåvefelleskap (KO) og i år godkjende eigarkommunane våre ei samarbeidsavtale for fellesskapet.

Administrasjonen har hatt heimekontor i periodar, men driftsarbeidet, Skjergardstenesta og arbeidet mot marin forsøpling har gått nesten som normalt. I hovudsak var det aktivitetstiltaka som vart råka av pandemien. Men med tilpassa smittevernstiltak kunne mykje likevel gjennomførast.

Og Stikk UT! har sett ein eventyrleg rekord med aktiv deltaking frå 12 % av befolkninga i fylket i sommarsesongen. Framfor alt kan vi summere opp med at året 2020 til fulle har vist kor viktig friluftslivet og tilboda frå friluftsrådet er for trivsel og helse til befolkninga. At Stikk UT! vart kåra som «Årets regionbygger 2020» var ei svært gledeleg stadfesting.

Tilsetting av ny dagleg leiar var ei viktig sak i 2020. 18. mai var Anne Berit Støyva Emblem på plass i sjefsstolen, samtidig som tidlegare dagleg leiar, May Britt Haukås, gjekk over til stillinga som rådgjevar. Å ta over i ein så utfordrande situasjon som under ein pandemi er krevjande, men det har gått fint. Også matros/driftsarbeidar kom endeleg på plass då Christian Ødegaard takka ja til fast jobb etter å ha fått prøvd seg nokre månader. Han vart fast tilsett frå 1. mai 2020.

Vi kasta oss rundt etter kvart som det vart lyst ut ekstramidlar som ein følgje av koronapandemien. Vi fekk midlar til å gjennomføre ein aktivitetskonkurranse på Facebook og Instagram i påska, i samarbeid med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal. I tillegg fekk vi ekstramidlar til å få utarbeidd prosjektskisse for Hundsvær/Tyskholmen og midlar til sykkelparkeringsstativ i dei statleg sikra friluftsområda i medlemskommunane. Naturlosavisene med informasjon om arrangerte turar i regi av lag og organisasjonar, som friluftsrådet har gitt ut fast i mange år, måtte vi avlyse i 2020. Midlane til dette frå fylkeskommunen måtte returnerast, men midlane frå Friluftsrådenes Landsforbund fekk vi omdisponere til arbeidet med nye turkort.

Målt etter omsetning og tal på tilsette, er Sunnmøre friluftsråd (KO) eit av dei største friluftsråda i landet. Vi er eitt av få som arbeider med heile spekteret, frå rådgjeving til kommunane, kurs og aktivitetar i friluftsliv for alle målgrupper, tilrettelegging, drift og skjøtsel av friluftslivsområde, marin forsøpling og skjergardsteneste.

**Vebjørn Krogsæter – Ålesund
styreleiar**

**Trygve Holm - Sula
styremedlem**

**Jan Ove Skodje - Giske
styremedlem**

**Trond Bonesmo - Sykkylven
styremedlem**

**Eva Hove - Fjord
nestleiar**

**Karen Høydal – Ørsta
styremedlem**

**Ola Einang – Volda
Styremedlem**

**Jostein Dalen – Stranda
styremedlem**

**Jarle Hauge Steffenssen - Ålesund
styremedlem**

**John Willy Klungre - Vanylven
styremedlem**

**Skafti Helgason - Vestnes
styremedlem**

**Berit Sandvik Skeide - Ulstein
styremedlem**

Styret i 2020

Kommune	1.1.- 19.8. 2020	Verv	19.8. - 31.12. 2020	Verv
Ålesund	Vebjørn Krogsæter Ewa Hildre	Styreleiar Varamedlem	Vebjørn Krogsæter Ewa Hildre	Styreleiar Varamedlem
Ålesund	Modolf Hareide Geir Ove Leite	Styremedlem Varamedlem		
Ålesund	Janet Roelofs Hallgeir Bjørdal	Nestleiar Varamedlem		
Ålesund	Jarle Hauge Steffenssen Yngvil Braute	Styremedlem Varamedlem	Jarle Hauge Steffenssen Nora G. Morken Farstad	Styremedlem Varamedlem
Giske	Birger Honningsvåg Marit G. Alnes	Styremedlem Varamedlem	Jan Ove Skodje Birger Honningsvåg	Styremedlem Varamedlem
Fjord	Solveig L. Stakkestad Ole Henrik Uri	Styremedlem Varamedlem	Eva Hove Andreas Håvoll	Nestleiar Varamedlem
Fjord	Eva Hove Frode Færøy	Styremedlem Varamedlem		
Sula	Trygve Holm Stine M. Lerheim	Styremedlem Varamedlem	Trygve Holm Stine M. Lerheim	Styremedlem Varamedlem
Vestnes	Skafti Ingi Helgason Inge Bergum	Styremedlem Varamedlem	Skafti Ingi Helgason Inge Bergum	Styremedlem Varamedlem
Stranda	Jostein Dalen	Styremedlem Varamedlem	Jostein Dalen Jan Håkon Vikane	Styremedlem Varamedlem
Volda	Tollak Mikal Kaldheim Annlaug Sunde Stokke	Styremedlem Varamedlem	Ola Einang Annlaug Sunde Stokke	Styremedlem Varamedlem
Ørsta	Karen Høydal Stein Aam	Styremedlem Varamedlem	Karen Høydal Stein Aam	Styremedlem Varamedlem
Ulstein	Knut Erik Engh Steinar Torvik	Styremedlem Varamedlem	Berit Sandvik Skeide Kathrine Kriken Garnes	Styremedlem Varamedlem
Sykkylven			Trond Bonesmo Eva Eline Tandstad	Styremedlem Varamedlem
Vanylven			John Willy Klungre Marina Haaberg Ersvåg	Styremedlem Varamedlem
Tilsettrepr.			Christer Lundberg Nes Ann Helen Hellevik	Tiltrer styret Vara

Arbeidsutvalet i 2020 bestod av Vebjørn Krogsæter, Janet Roelofs og Jarle Hauge Steffenssen fram til det utsette årsmøtet 19.8.20.

I årsmøtet vart Christer Lundberg Nes valt som tilsettere representant frå Sunnmøre friluftsråd (KO) med møte- og talerett i styret, jamfør samarbeidsavtalen.

Styret – handsaming av saker i 2020

Styret har hatt 6 styremøte gjennom året, dei fleste digitalt på Teams eller i ein kombinasjon av fysisk frammøte og deltaking på Teams. I alt har styret handsama 49 saker, til dømes:

- Rekneskap, budsjett, årsmelding og arbeidsplan.
- Medlemskontingent for 2021 (vedtatt av årsmøtet).
- Organisering som kommunalt oppgåvefelleskap i samsvar med den nye kommunelova.

- Tilsetting av Anne Berit Støyva Emblem som dagleg leiar.
- Informasjon og oppmodingar til medlemskommunane om å arbeide med forvaltningsplanar for dei statleg sikra friluftsområda, og sikring av endå fleire.
- Status og framtid for toalett i friluftsområda som er drifta av friluftsrådet.
- Forslag frå Sunnmøre friluftsråd om attval av Vebjørn Krogsæter som nestleiar i styret i Friluftsrådernes Landsforbund. (Han vart valt.)
- Stikk UT! Vinterfottur.
- Fordeling av sykkelparkeringsstativ i statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane.
- I kvart styremøte har det også vore orienteringar om aktuelle saker og spørsmål friluftsrådet har arbeidd med gjennom året.

Årsmøtet 2020



Seks av styremedlemmane vart takka av etter jobben dei har gjort i styret i Sunnmøre friluftsråd gjennom fleire år. Frå venstre: Knut Erik Engh, Ulstein, Tollak Mikal Kaldheim, Volda, Janet Roelofs, Ålesund, Solveig Linge Stakkestad, Fjord, Birger Honningsvåg, Giske, og Modolf Hareide, Ålesund.

Årsmøtet i mars vart utsett til 19. august på grunn av koronapandemien, og vart gjennomført med fysisk frammøte – og god avstand mellom delegatane - i festsalen Ørsta kulturhus.

Årsmøtet vart einige om ei samarbeidsavtale for det kommunale oppgåvefelleskapet (KO) som erstattar tidlegare vedtekter, avtalen vart seinare godkjent i alle kommunestyra i eigarkommunane våre. Dette inneber mellom anna at årsmøtet vert erstatta av eit representantskapsmøte, og medlemskommunar blir deltakarkommunar.



Miljøvernrådsgjevar Magnar Selbervik fortalte årsmøtedeltakarane om korleis Ørsta kommune satsar på friluftslivsområda sine



Varaordførar i Ørsta, Karen Høydal, viser stolt fram det dyre og flotte toalettanlegget ved stranda i det sentrumsnære friluftsområdet.

Før sjølve årsmøtet, var det synfaring til det statleg sikra friluftsområdet Vekslet, like ved Ørsta sentrum. Der har Ørsta kommune laga parkeringsplass og sett opp eit flott toalettanlegg like ved stranda.

Varaordførar Karen Høydal viste rundt, og miljøvernrådsgjevar Magnar Selbervik fortalte dei mange framømte om korleis dei har jobba og satsinga til kommunen på friluftsområda.



Skjergardstenesta var også på plass med tenestebåten «Rigmor», som la til i hamna. Mange nytta høvet til eit besøk om bord før årsmøtet starta.



God plass i festsalen i kulturhuset til å halde korrekt koronaavstand.



Ordførar Stein Aam ønska velkomen og presenterte kommunen, medan representantar frå Småjobbsentralen fortalte om arbeidet sitt, som jobben dei gjer med å rydde marin forsøpling.



Ann Helen Hellevik fortalte om arbeidet til friluftsrådet med marin forsøpling. Småjobbsentralen i Ørsta er ein av mange samarbeidspartnarar som ryddar strender og fjører i medlemskommunane.

Staben i Sunnmøre friluftsråd



Frå venstre: Christian Ødegaard, Christer Lundberg Nes, Ann Helen Hellevik, Inger Bakke, Pål Henry Høyberg, Anne Berit Støyva Emblem, Torgeir Sund og Malin Ytterhaug Giske. Foto: May Britt Haukås.

I løpet av 2020 har staben i Sunnmøre friluftsråd (KO) og Skjergardstenesta auka til ni tilsette.

May Britt Haukås ønska avløyning, og stillinga som dagleg leiar vart utlyst. Det var stor interesse for jobben, med heile 34 godt kvalifiserte søkjarar. Anne Berit Støyva Emblem vart innstilt som nr. 1, og tilsett i styremøtet 26. januar. Støyva Emblem kom frå stillinga som seniorrådgjevar i Kystverket, og har også solid bakgrunn frå m.a. Politidirektoratet og politisk arbeid. Ho tok over som dagleg leiar etter May Britt Haukås den 18. mai. Haukås gjekk då over i ny stilling som rådgjevar.

Christian Ødegaard fekk fast tilsetning som matros i frå 1. mai, etter tre månaders prøvetid. Han deltek også som driftsarbeidar på land etter behov.

Ca. 20 personar har i løpet av året vore innleigde som instruktørar og medhjelparar i driftsarbeidet, friluftsskulane, Leikepatruljen og ulike friluftslivsarrangement.



Sjefsbyttet vart feira med kake og blomar på kontoret.

Møte, representasjonsoppgåver m.m.

Gjennom heile året er friluftsrådet vanlegvis med på ei rad møter, kurs, konferansar, synfaringar mm i samband med arbeidet vårt. Dette gjeld både lokalt i medlemskommunane, på fylkesnivå og nasjonalt. I tillegg blir både dagleg leiar og andre av dei tilsette ofte inviterte til å halde foredrag i ulike fora og fortelje om arbeidet til friluftsrådet.

2020 vart annleis. Mange arrangement vart avlyste eller gjennomført digitalt på Teams. Dette er eit godt alternativ, men med smitteverntiltak på plass er det også fint å kunne møtast.



Kaffipause ute i nydeleg haustsol.

Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (FNR) er ein viktig samarbeidspartnar særleg når det gjeld turtrimmen Stikk UT!, men også på fleire andre område. Derfor har dei to friluftsråda lenge snakka om at vi treng fellessamlingar med alle tilsette, både for å bli endå betre kjende, informere kvarandre og diskutere felles problemstillingar og samarbeidsprosjekt.

I slutten av oktober inviterte FNR til samling over to dagar i den nye DNT-hytta Sollihytta i Moldemarka. I tillegg til dei tilsette i dei to friluftsråda, var også koordinator i FNF Møre og Romsdal, Ingbjørn Bredeli, og rådgjevar i friluftsliv i Møre og Romsdal fylkeskommune, Petter Jensen, foredragshaldarar og deltakarar på samlinga.



Synfaring i friluft høyrer med når folk som jobbar med friluftsliv møtast. Her på tur til aktivitetsparken FNR har sett opp i Moldemarka.



Intens konsentrasjon og effektive møtedagar.



Ingbjørn Bredeli og Inger Bakke testar balansen.

Sunnmøre friluftsråd er medlem i Friluftsrådernes Landsforbund (FL) og Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF). I tillegg er vi med i God Helse-samarbeidet i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Styreleiar Vebjørn Krogsæter er også attvalt som nestleiar i styret til Friluftsrådernes Landsforbund.

Medieomtale



Ingrid Rui var leigd inn som hovudleiar for friluftsskulane i 2020. Her er ho i studio hos Radio Ålesund.

Det er viktig for friluftsrådet å vere synleg i media, både i radio og TV, trykte- og sosiale media. Slik når vi ut til mange og får informert om arbeidet vårt og kva vi kan tilby innbyggjarane i medlemskommunane.

Både dagleg leiar og andre av dei tilsette har vore med i radiosendingar, TV-innslag, intervju i aviser og magasin i løpet av året. Særleg Stikk UT! og arbeidet med marin forsøpling får mykje merksemd, men også Skjergardstenesta, driftsarbeidet, friluftsskulane og andre friluftslivsarrangement.

Vi samlar på små og store avisutklipp. Etter kvart har det blitt tjukke permar, som også fungerer som dagbok og huskeliste over mykje av det vi har jobba med. I tillegg er vi aktive på Instagram og Facebook, sistnemnde har over 5000 følgjarar.

Vi opplever at aktivitetane til friluftsrådet blir oppfatta som positivt og godt stoff, og at redaksjonane gjerne lagar oppslag om det vi jobbar med.

Aktivitetsarbeidet

Naturmøteplassen

Naturmøteplassen er eit lågterskel og uforpliktande tilbud til alle som av ein eller annan grunn har høve til å gå tur på dagtid, og som set pris hyggelege møte med andre.

Bålet brenn og kaffien er klar i eit fast tidsrom på ein fast stad ein bestemt dag kvar veke. Blide vertar tek hjarteleg imot alle som kjem, spanderer varm drikke og slår gjerne av ein prat.

Med unntak av Bugardsmyrane i Ulstein, har friluftsrådet tatt initiativet til Naturmøteplassane som var i sving i medlemskommunane i 2020: Kråkvika i Vestnes, ved Dam2 på Aksla i Ålesund, Kaffivika ved Vassetvatnet i Sula og altså Burgardsmyrane i Ulsteinvik.

I Ålesund, Sula og Ulstein er det frivilligsentralane som organiserer og set opp vaktlister, der frivillige enkeltpersonar, lag og organisasjonar byter på å vere vertskap.



Så seint som i november, opna den nye Naturmøteplassen i Kaffivika ved Vassetvatnet i Sula. Den har blitt ein suksess med mykje besøk og venteliste over folk som vil delta som vertskap på tysdagar kl. 12.-14.



Ofte er det Nils Espen Lilleheim som er den blide verten som tek imot dei besøkande på Naturmøteplassen på Aksla i Ålesund på tysdagane kl. 12.-14.



I Vestnes er det ekteparet Gunn Elisa og Poul Erik Jensen som er faste vertar på Naturmøteplassen i Kråkvika onsdagane kl. 13.-15. Dei har også gode hjelparar i bakhand ved behov.

Og her har dei utvikla tilbodet til nye høgder: Ordna med aggregat og serverer nysteikte sveler innimellom. Andre gonger kan det vere skuffekake eller anna heimebakst Gunn Elisa svingar opp med.

Då koronapandemien slo til, måtte Naturmøteplassane stenge ein periode. Men dei var sårt sakna, og med smitteverntiltaka på plass kom dei fort i gang igjen. No er det berre spesielt ufysleg vêr som kan hindre dei.

Friluftsrådet dekkjer utgiftene til ved, kaffi, utstyr osv. takka vere midlar frå Friluftsrådenes Landsforbund og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det var ca. 1675 besøk på Naturmøteplassane i 2020.

Svelesteiking i gapahuken i Kråkvika i Vestnes i full gang, eit tilbod dei besøkande set stor pris på!

Stikk UT!



Elvastien ved Sjøholt sentrum er eit populært Stikk UT!-turmål for både små og store.

Målet med turtrimmen Stikk UT! er å motivere folk, uansett alder, kjønn, lommebok og tidlegare livsstil, til å kome seg ut på tur i naturen, til å oppdage nye turmål og gleda over å vere ute. Det har vi lukkast med. I 2020 registrerte over 32 000 deltakarar i fylket nesten ein million turar. Det er ny rekord, 12% av befolkninga i fylket deltok. Av alle kommunane i fylket var det berre Herøy, Hareid og Sande som ikkje var med, fordi dei ikkje er medlemmar i friluftsrådet.

På Sunnmøre hadde vi 221 turmål i sommarsesongen. 17406 deltakarar registrerte 404 221 turar, og alle turmåla var godt besøkte. Tala for Stikk UT! Ski kan ikkje måle seg sommarsesongen, og vinteren var heller ikkje spesielt snørik, men 627 deltakarar registrerte 4 454 skiturar fordelt på 32 turmål i våre medlemskommunar.

Nesten 100 arbeidsplassar var med i Stikk UT! Bedrift på Sunnmøre og brukte turtrimmen som eit helsefremjande trivselstiltak på jobben.



Stikk UT! har turmål i fjell og fjøre, innland og kyst, lange og korte, bratte og flate: Noko for alle. Her frå Seglmerket på Brimneset på Vigra i Giske kommune.



Stikk UT! Vinterfottur er eit nytt tilbod frå desember 2020, i same tidsrom som Stikk UT! Ski.

I Friluftslivets veke i september arrangerte vi Stikk UT! Maraton i samarbeid med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal. Vi oppmoda folk til å gå ekstra mange turar den veka, og det fekk god respons.



I 2020 hadde vi 32 Stikk UT! Ski turmål.

15. desember starta vi prøveprosjektet Stikk UT! Vinterfottur i same tidsperioden som Stikk UT! Ski. Turmåla er lette nærturar som oftast er like fine å gå om vinteren som om sommaren. Mange har etterlyst eit slikt tilbod, og dersom det blir ein suksess, vil det bli vidareført i åra som kjem.

Stikk UT! har blitt det viktigaste folkehelseiltaket i fylket, som når alle aldersgrupper og lag av befolkninga. Ekstra gledeleg i 2020 var den store auken i talet på barn som deltok. Samarbeidet mellom friluftsråda, kommunane og frivillige blir betre og betre, og arbeidet med skilting og merking av nye stiar skytt fart. Det same gjer opparbeiding av nye turvegar og stiar.



Når ein er uheldig og mister solbrillene, er det fint at andre turgåarar tek ansvar.

Engasjementet for friluftsliv er i sterk vekst m.a. som ein følge av Stikk UT!, men koronapandemien er nok litt av forklaringa på den enorme auken i deltakinga i 2020. Det blir svært spennande å sjå om deltakinga vil halde fram å auke også etter kvart som pandemien slepp taket.



Blide venninner på Stikk UT!-tur i Hestvika ved Sjøholt.

«Årets regionbygger 2020»



Fylkesordfører Tove-Lise Torve (midten) delte ut prisen «Årets regionbygger 2020» til Stikk UT!. Dei daglege leiarane i Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Anne Berit Støyva Emblem og Ola Fremo, tok imot.

Tove-Lise Torve då ho delte ut prisen til leiarane i dei to friluftsråda i fylket, som driftar Stikk UT!.



Alfons Eriksen er ein av mange frivillige som er avgjerande for å kunne gjennomføre Stikk UT!.

Og sjølvsgt kostar det å drifte turtrimmen, sjølv om den er gratis for deltakarane. Derfor er finansieringa frå Friluftsrådernes Landsforbund og private sponsorar som Sparebanken Møre heilt avgjerande.

I takktalane la Anne Berit Støyva Emblem og Ola Fremo vekt på at Stikk UT! er eit kjempestort dugnadsprosjekt som ikkje hadde vore mogeleg å gjennomføre utan samarbeidet med fylkeskommunen, kontaktpersonen med ansvar for Stikk UT! i kvar kommune, og ikkje minst alle dei frivillige som både bidreg med forslag til turmål og gjer arbeidet ute i felten. Dette omfattar både montering av skilt, turkasser og kodar, stell og vedlikehald av stiar og oppsyn med turmåla gjennom sesongen.



May Britt Haukås er fagleiar for Stikk UT! i Sunnmøre friluftsråd. Foto Staale Wattø, Sunnmørsposten.

Det var ei svært hyggeleg overrasking å få vite at Stikk UT! vart kåra som «Årets regionbygger 2020». Dette er ein ny pris som fylkeskommunen, statsforvaltaren, KS og NAV i Møre og Romsdal står bak, og som vart delt ut på konferansen «Møre og Romsdal 2025». - Stikk UT! har bidratt til å gjere innbyggerane i fylket kjende med, og stolte av, sitt eige fylke. Dette er eit tilbod til alle i Møre og Romsdal, uavhengig av geografi, alder og sosiale forhold. Med nesten 1 million registrerte turar i 2020, er Stikk UT! eit viktig folkehelseiltak, sa fylkesordfører



Påskekonkurranse



Påsketur med utsikt.



Kven har sagt at snøfigurar må vere kvite....?



Klare for aketur ned frå Høgkubben.

Det vart heimepåske for dei fleste av oss då landet vart stengt ned pga. koronapandemien i mars. Men kreativiteten blomstra.

Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal fekk begge krisemidlar frå FL til å arrangere ein felles digital aktivitetskonkurranse gjennom påska.

Premien var fine sitteunderlag og turkoppar, og kvar dag la vi ut nye tips til kjekke uteaktivitetar på Facebook og Instagram.

Publikum vart utfordra til å dele bilde av sine aktivitetar, og så vart det trekt ein vinnar kvar dag.

Friluftsskular



Friluftsrådet gjennomførte fire friluftsskular for til saman 70 barn i 2020. Friluftsskulane vart arrangerte i Sula (Vassetvatnet), Volda (Skinstøylen), og Ålesund (Murvika i Skodje og Stafsethneset i gamle Ålesund).

Friluftsskulane er eit nasjonalt satsingsområde for Friluftsrådernes Landsforbund (FL) og Den Norske Turistforening (DNT). Tilbodet er for barn i alderen 10-13 år i starten av sommarferien.

Kom UT



Koseleg i Rystene i Stordal.

Koronapandemien fekk også følgjer for Kom UT i haustferien. Tidlegare har dette vore eit ope arrangement på dagtid i utvalde friluftsområde, utan påmelding og der alle var velkomne.

I 2020 måtte vi i staden invitere med "kohortar" frå skulefritidsordningane i nærleiken av friluftsområda. Det vart gjennomført fire opplegg for vel 50 barn i Volda, Stordal, Stranda og Ørsta. Det femte, i Ålesund, måtte avlysast på kort varsel på grunn av uføresette personalutfordringar i samband med pandemien.



På tur ved Barlihuken på Stranda.

Kajaknettverk



Måla med prosjektet "Kajak i skulen" er:

- Kvalitetssikre kunnskap og ferdigheiter til kvar enkelt lærarar ved å utdanne dei til aktivitetsleiarar i Padleforbundet.
- Trygge at det blir eit fagleg miljø ved kvar skule som deltek ved at fleire lærarar er med i prosjektet.
- Stimulere til samarbeid, erfaringsdeling og fagleg utviklingsarbeid gjennom nettverksarbeid mellom fleire skular.
- Kvar skule skal innføre kajakkundervisning i lokal læreplan for relevante klassetrinn.
- Prosjektet skal utvikle og dele undervisningsopplegg gjennom kartdatabasen <https://stedbasert.avinet.no/>



Teknikkurs med balanseøving på Stafsethneset i Ålesund.



Grunnkurs i Volda.

I 2020 rakk friluftsrådet å gjennomføre tre regionale nettverkssamlinger før samfunnet og skulane stengde ned i samband med koronapandemien. 35 lærarar deltok i samlingane om «Læring i friluft» og «Stedsbasert læring». I tillegg er følgjande gjennomført:

- Laga opplæringspresentasjon i bruk av kartdatabasen “Stedsbasert læring.”
- Deltatt på fleire faglege seminar via Teams
- 13 lærarar frå 3 kommunar og 6 forskjellige skular har gått grunnkurs (år 1)
- 11 lærarar frå 3 kommunar og 5 forskjellige skular har gått teknikkurs (år 2)
- I tillegg har 5 lærarar starta på kurs, men av ulike grunnar ikkje fått fullført kurset i år.
- Totalt har 29 lærar vore aktive på kurs i nettverket i 2020.



Frå teknikk-kurset på Stafsethneset i Ålesund.

Padlekurs UNG

Omdisponering av prosjektmidlar på grunn av koronapandemien gjorde at friluftsrådet kunne tilby eit grunnkurs UNG i kajakk i samarbeid med Herøy kajakkklubb.

Planen var å tilby og gjennomføre eitt kurs, men vi fekk over dobbelt så mange påmeldte som det var kursplassar til. Vi klarte å gi tilbod om eit ekstra padlekurs på kort varsel, med to instruktørar frå Molde som vi fekk kontakt med gjennom nettverket til Herøy kajakkklubb.

Totalt gjennomførte 22 ungdommar grunnkurs UNG med friluftsrådet.

Friluftssjukehus

Som del av folkehelsesatsinga til friluftsrådet ønska vi i 2020 å starte eit friluftslivstilbod for unge langtidspasientar i samarbeid med barneavdelinga ved Ålesund sjukehus. Vi har etablert eit godt samarbeid med barneavdelinga, men dessverre skapte koronapandemien for store utfordringar til at vi kunne gjennomføre aktivitetsopplegg med målgruppa dette året. Men prosjektet blir vidareført i 2021 under prosjektnamnet «Friluftsliv for unge pasientar og pårørande»

Turkort



Storevarden i Sykkylven, ein av dei nye turane i turkortheftet og som er registrert i morotur.no

www.morotur.no. Både der og i våre egne kart er det i tillegg registrert ei rad interessepunkt som parkering, badeplassar, toalett mm. Vi har også bidratt med kvalitetssikring og feilretting til Statens kartverk mm.

Friluftsrådet har også registrert og informerer via kart på heimesida om utstyrsbasar der folk kan få låne utstyr til friluftsliv.

I tillegg vert blomster, insekt mm som vert sett på synfaringsturane registrert i www.artsobservasjonar.no. Meir informasjon om prosjektet ligg på heimesida til friluftsrådet på www.friluftsradet.no/turkort

Grov nattfiol på turvegen Sætrevika - Steinsetsætra. Turen er med i turkortheftet og oppgradert på morotur.no På grunn av mykje orkidéar på denne vegstrekinga døypte vi vegen til "orkidévegen" med von om at fleire vil oppdage og la seg fasinere av desse vakre blomane. Orkidéane er eksempel på artar som vert registrert i artsobservasjonar.no som del av turkortarbeidet.



Kvanndalsveien i Vanylven er ein av dei nye turane i turkortheftet og som er registert i morotur.no

Naturlos

Friluftsrådet har i mange år trykt to aviser årleg med informasjon om arrangerte turar med gaid/naturlos. Men i 2020 måtte fellesturane, og dermed avisene avlysast på grunn av koronasituasjonen.

I staden fekk friluftsrådet omdisponere noko av midlane til aktivitetstiltak for barn og unge i fritida. Det var gjennomført 7 aktivetsopplegg for 125 barn og 29 vaksne.

Leikepatruljen



Full fart med «Leikekongen».

Leikepatruljen kom godt i gang i 2020. Fram til 12. mars, då regjeringa innførte stenging av skulane i heile landet, hadde vi gjennomført kurs for 55 skular. Grunna smitteverntiltaka, måtte Leikepatruljen mellombels endre arbeidsmetodane fordi verken berøring eller leik på tvers av trinna var mogleg.

Tida fram til sommaren brukte vi til å utvikle leikehefter som skulane fritt kan bruke. Vi bestilte også inn nye utstyrspakkar som kan brukast i samsvar med smittevernreglane. I staden for å gi utstyret til Leikepatruljen på kvar skule (som jo ikkje kunne vere i drift), bestilte vi utstyr til kvar kohort på kvar skule. I tillegg fekk skulane tilbod om utstyr til oppmerking av skulegarden fordi dette er noko alle elevane kan bruke.

Det viste seg vanskeleg å halde kurs for elevar også hausten 2020. Så då nytta vi høvet til å utvikle kurs for dei tilsette. I arbeidet med Leikepatruljen har det blitt meir og meir tydeleg at det er vanskeleg å motivere elevar til meir leik om ikkje dei vaksne har forståing for, og kunnskap, om leik. Vi utvikla eit leikekurs for alle tilsette i skulane, slik at dei igjen kan lære bort og inspirere elevane i kvar sin kohort. Vi fekk gjennomført kurs for til saman 150 tilsette i skulen.

For å kartlegge korleis det vert leika på den enkelte skule under Korona-pandemien, laga vi ei spørjeundersøking til dei. Dette gav så interessante funn at vi tok informasjonen vidare til forskingsmiljøet ved Høgskulen i Volda, som har fatta interesse for svara. I tillegg har vi utvikla og produsert små filmar med enkle leikar som skulane fritt kan bruke, både i koronatida og seinare.

1100 elevar og 150 tilsette på 55 skular deltok på kursa i 2020.

Innvandrarprosjektet «Naturen som eg er ein del av»

I 2020 gjennomførte vi prosjektet «Naturen som eg er ein del av» i samarbeid med Ålesund vaksenopplæringscenter. Dette bestod av ni oppdrag for til saman 190 deltakarar. Målet var å introdusere innvandrarar for den norske naturen slik at dei fekk oppleve at dei er ein del av han, og å bidra til auka forståing for folkehelse, livsmeistring og berekraft.

Metoden var å invitere til turar i nærleik til skulen og/eller der dei bur. Vi introduserte elevane for



Ikkje vanskeleg å få elevane med i leiken i Byparken i Ålesund.



Litt regn og vind er inga hindring for ein flott fjelltur. Her på Pila ved Tueneset i Ålesund.

lågterskelopplegg som dei enkelt kan gjennomføre på eiga hand saman med familie og vener. I alle opplegga jobba vi aktivt med å inspirere til mangfaldig rørsle, gode naturopplevingar, og å legge til rette for heilskapleg læring. Både ord og uttrykk, sansing, orientering, mattradisjonar, vêrmeldingar, leik og song er brukt som pedagogiske verkemiddel i tillegg til sjølve turen. Opplegga hadde ulikt innhald, men med forankring i målsetninga la vi opp til opplevingar i nærleik til vaksenopplæringscenteret. Både byvandring med innlagt kaffislabberas, leik i Byparken, på Aksla, Tueneset, Sukkertoppen, plukking av plast i Ellingsøyfjorden,

sporlaus skogsvandring og juleverkstad ute fekk plass i timeplanen.

Både tilsette og elevar har vore svært nøgde med tiltaket, og leiinga ved skulen legg særleg vekt på kor viktig dette er med tanke på vektlegginga i fagfornynginga på folkehelse, livsmeistring og berekraft.



Strandrydding i fjøra på Ellingsøya i samarbeid med Skjergardstenesta. Det vart full båt. Då smakte det godt med vel fortent fiskesuppe laga på bål i fjøra.



Byvandring som vart avslutta med kaffibesøk i hagen hos Astrid Overå.

Førjulskvelder



Lite kan måle seg mot stemninga ved bålet og smaken av grilla eple.

Koronapandemien førte til at vi måtte avlyse nokre av prosjekta vi hadde søkt midlar til. I staden vart nye skapt, tilpassa smittevernet. Frå Friluftsrådenes landsforbund fekk vi løyve til å omdisponere midlar slik at vi kunne arrangere åtte førjulskvelder i friluft i veke 48 og 49.

Konseptet var å invitere til ein uformell møtestad der alle kunne trivast, møte kvarandre, smile, le og bli inspirert og ha noko å pusle med – og samtidig halde avstand. Opplegga var opne for alle, med eit enkelt, men spennande tilbod for alle aldersgrupper.

Dette vart ei utprøving av eit konsept som vi har stor tru på. Det var lagt opp til servering av gløgg og peparkaker, og kanskje litt utradisjonelle

aktivitetar: Brenning av kaffibønner, grilling av eple, ei morosam nisseløype, og nellik i appelsin.



På Stranda var korpset med på å skape magisk julestemning ved gapahuken i Bugardsmyrane.



Det vart lagt ned eit omfattande arbeid i praktiske førebuingar med tanke på dette er eit opplegg som kan gjerast om att seinare år. Det vart m.a. kjøpt inn luer og genserar til leiarane og store konteinrar til varm drikke, og det vart laga miljøvennleg og stemningsskapande julepynt og nisseløype som alt kan brukast igjen.

Førebuing av gode pressebilete og ein god tekst var viktig for å informere om arrangementa. Smitteverntiltak vart ivaretatt med registrering av deltakarar, sprit og avstand.



Julepynta gapahuk.

Eple til grilling på bålet.

Tilbodet blei tatt svært godt imot, med mange besøkande kvar

kveld. Totalt deltok ca. 500 personar fordelt på dei åtte stadane der vi inviterte til førjulskveld denne gongen: Gomerløa på Skodje, Tuehuken på Tueneset, Dam 2 på Aksla, Kråkvika på Vestnes, Bugardsmyrane i Ulsteinvik, Barlia på Stranda, Hornindal skisenter og Kapteinskvia på Sæbø. Dette vart eit så vellukka prosjekt at vi håper å kunne gjenta suksessen fleire gonger.



Glimt frå nokre av førjulskveldane med registrering av alle som kom, kaffibrenning, samling med gløgg rundt bålet og mykje anna kjekt.

Marin forsøpling

Rydding



Full båt med innsamla avfall i samarbeid med Statens Naturoppsyn og Skjergardstenesta.

Marin forsøpling prosjektet er finansiert av Miljødirektoratet og blei gjennomført frå mars 2020 til mars 2021. Grunna korona-utbrotet, måtte vi utarbeide oppdaterte planar for gjennomføringa av prosjektet gjennom heile perioden. Desse skulle godkjennast for evt. utbetaling av tilskotet. Sunnmøre friluftsråd har fått utdelt heile bevillinga på NOK 2,5 mill.

På grunn av korona-situasjonen, gjorde Sunnmøre friluftsråd mykje av ryddearbeidet på vårparten sjølv. Vi prioriterte å rydde dei sjøbaserte friluftsområda vi har ansvar for fordi vi rekna med at dei ville bli flittig nytta, noko som viste seg å stemme. Tidleg på våren sette vi også ut kasser med ryddeutstyr som frivillige kunne hente frå, og vi har pakka og levert ut utstyr til aksjonar frivillige har organisert.

På seinsommaren og hausten vart det gjennomført fleire aksjonar med innleigde og frivillige, som skuleklasser, idrettslag og elevar frå vaksenopplæringa. Vi har også fått utført aksjonar som var planlagt gjennomført på våren, m.a rydding av fuglereservatet på Gjøsunndholmen og Lausunndholmen. Totalt var friluftsrådet med på å rydde ca. 73 km med strandlinje, samla 22 tonn søppel, og hadde i overkant av 900 deltakarar med på aksjonane. Samtidig har friluftsrådet og Skjergardstenesta henta inn oppsamla søppel frå andre aktørar, og også henta kasserte fritidsbåtar.





Isopor som smuldrar opp er eit stort miljøproblem som er vanskeleg å fjerne.

forsøpling Sunnmøre» gjennom året. På grunn av den spesielle situasjonen i år har det berre vore ei fysisk samling med dei frivillige. Men vi har hatt fleire digitale «søppelkaffi-møte». Det var planlagt og reservert lokale for seminar den 14. november, der vi hadde fått med fleire foredragshaldarar frå næringsaktørar, m.a. ein linebåtreiar. Dette måtte vi avlyse pga. koronasituasjonen. Det blei då ein kortare versjon på nett.

Sunnmøre friluftsråd deltek og i arbeidet med ein internasjonal standard for avfallshandtering om bord i fiskefartøy (ISO-5020 Waste reduction and treatment on fishing vessels), som ein del av det forebyggjande arbeidet mot marin forsøpling.

I samband med årets TV-aksjon mot plast i havet, deltok vi i fylkeskomiteen for Møre og Romsdal, og i Ålesund kommune. I Ålesund kommune var vi hovudaktør for TV-aksjonen med slagordet «Rydd lokalt, støtt globalt». Her inviterte vi det lokale næringslivet til sponing til TV-aksjonen, med å betale kr. 100,- pr. sekk marin forsøpling som blei samla inn. Aksjonen varte i heile oktober. Frivillige samla til saman inn 6 tonn søppel, og næringslivet bidrog med kr. 75 000,- til TV-aksjonen.



7. og 8. klasse ved Steinerskolen i Ålesund fylte 131 sekkar med plastsøppel frå ei fjøre på Ellingsøya, og skaffa over 13 000 kroner til TV-aksjonen.



Ann Helen Hellevik er prosjektleiar for marin forsøpling i friluftsrådet. Informasjon er ein viktig del av jobben, her er som gjest hos Radio Ålesund.

Skjergardstenesta i Møre og Romsdal



Støyping av landfeste til den nye flytebrygga på Vikholmen i Ellingsøyfjorden. Matros/driftsarbeidar Christian Ødegaard i aksjon.

Skjergardstenesta i Møre og Romsdal er eit spleiselag mellom Staten v/Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune og dei to friluftsråda i fylket. Staten betaler 50% av kostnadane, og fylkeskommunen og friluftsråda betaler 25% kvar. Sunnmøre friluftsråd står for drifta, og har det daglege, økonomiske, administrative, juridiske og operasjonelle ansvaret. Båt og mannskap er stasjonert i Ålesund, men skal operere i heile fylket.

Hovudoppgåvene er drift, skjøtsel og tilretteleggingstiltak i statleg sikra friluftslivområde, og er ein viktig reiskap i arbeidet mot marin forsøpling. Sunnmøre friluftsråd gir oppdrag til Skjergardstenesta for våre område.


Tenesta er også ein samarbeidspart for Statens Naturoppsyn og del av beredskapen i fylket.

Arbeidsbåten «Rigmor» er viktigaste verktøyet, men ved behov får tenesta bruke den som passar best av dei tre mindre arbeidsbåtane til Sunnmøre friluftsråd.



Slike dagar må også nytast. Her tek skipper Torgeir Sund ein liten pause i plastyddinga på Vemøya inst i Ellingsøyfjorden.

Friluftsområdet Hundsvær/Tyskholmen i Borgundfjorden



På oppdrag frå friluftsrådet har Norconsult laga skisse over tiltaka som er planlagt på austsida av Hundsvær.

Dei to holmane Hundsvær og Tyskholmen, rett utanfor bysentrum i Ålesund, har stort potensiale til å bli svært viktige for rekreasjon og friluftsliv for befolkninga, både lokale og tilreisande.

Holmane har ei spennande historie langt tilbake i tid, både som fiskevær og handelsstad. Men no er det over 100 år sidan dei siste fastbuande reiste, og holmane har fått gro att.

Sunnmøre friluftsråd har lenge ønska å legge til rette for friluftsliv og løfte fram historia til desse bynære holmane, då kommunen fekk innvilga statleg sikring av dei, opna det for å gå i gang. I 2020 lyste Møre og Romsdal fylkeskommune ut ekstramidlar i samband med koronapandemien, og vi søkte midlar til å lage ein skisseplan. Den vart delvis innvilga, og med egne midlar i tillegg, kunne vi engasjere Norconsult til å lage planen for oss. På førehand er det utarbeidd ein detaljert forvaltningsplan i samarbeid med kommunen.



Synfaring på Hundsvær. Her med utsikt over sundet til Tyskholmen.

Det blir dyrt å realisere alt vi ønskjer på holmane, ca. 12-13 millionar kroner, men vi tek det steg for steg og vil søkje både offentlege og private midlar til tiltaka. Toalett står først på ønskelista, og så kaifronten på austsida av Hundsvær. Der er det flatt og lett tilgjengeleg også for folk med nedsett funksjonsevne.

Dei to siste åra har Skjergardstenesta, i samarbeid med lokale sauebønder som har dyra sine på holmen, gjort ein stor jobb med rydding og trefelling. Sauene har også gjort ein formidabel innsats med å

beite ned lyng og kratt. Mykje står framleis att, men no er råd å ta seg fram på holmane. Ny flytebrygge er på plass.



Dei som ein gong budde her, bygde to dammar til å samle vatn i. Dei var så attgrodde at dei var vanskelege å oppdage, men no er dei framme i dagen igjen.



Gamle husmurar og ferdselsveggar er på ny synlege.



Ikkje all skog skal fjernast. Her kan det bli fint å overnatte i hengekøyer.



Utsyn mot kaiområdet i aust frå høgda på Hundsvær.

Drift sjøbaserte friluftsområde



Bygging av tørr sti frå kaiområdet til toalettet på Storholmen, den største og mest besøkte av Langevågsholmane i Sula.

Gjennom året har Skjergardstenesta jamt tilsyn med og vedlikehald av dei statleg sikra sjøbaserte friluftslivsområda. Dette omfattar gjennomføring av nye prosjekt, og stell og vedlikehald av det som alt finst, som toalett, brygger, bord og benkar, bålplassar, badebøyer osb.

Kystleia

Sunnmøre friluftsråd eig to færingar som er til utleige til privatpersonar, lag og foreiningar. «Leia» og «Linge» blir stelt og haldne ved like av Sunnmøre Kystlag. Dei ligg ved kai ved Sunnmøre Museum, som administrerer og får inntektene frå utleiga. «Linge» har plass til 4 personar og kostar berre kr. 150 å leige ein dag. Med overnatting og lavvo blir prisen kr. 350. Same prisane gjeld for «Leia», som har plass til 6 personar. I 2020 vart båtane leigd ut totalt 25 gongar. Det er altså stor sjanse for at ein av dei er ledig når nokon har lyst på rotur, det er berre å ta kontakt med museet.



«Linge» til venstre og «Leia» til høgre.

Drift, skjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv

Drift land

Driftsavdelinga til friluftsrådet har heilt eller delvis ansvar for drift, skjøtsel og nye tilretteleggingstiltak i mange statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane. Dette arbeidet har gått tilnærma som normalt i 2020, trass i restriksjonane i samband med koronapandemien. Unntaket er at toaletta i friluftslivområda måtte stengast frå ein periode i mars, men vart opna igjen før sommaren.

Drifts- og skjøtelsesarbeidet omfattar jamt tilsyn, vask og tømning/påfylling av toaletta, slått av gras, opprydding av søppel, fjerning av kratt, tilsyn og reparasjon av flytebrygger og andre installasjonar vi har ansvaret for.

Nokre stader, som på Blimsanden i Giske, Gjersetdalen i Haram, Kråkvika i Vestnes og Norddalsbygda i Norddal, får vi hjelp til tilsyn og vask av toaletta. Velforeiningar og andre bidreg også med dugnader i fleire av friluftsområda, som t.d. Ålesund Rotary Øst på Svinøya, Kråkvika Vel i Kråkvika i Vestnes og LHL/Vatne Velforening i Gurinesbukta i Haram.



Reparasjon av Fosslibrua over Ørskogelva (Storelva) på Ørskogfjellet.



Ei ny sandstrand blir til.



Staben kombinerer synfaring til den nye stranda i Bolvika med lunsj i det fri.



Synfaring til badestranda på Haugneset i Sykkylven. Der ønsker dei også skjellsand. Søknad om midlar blir sendt i 2021. Til venstre Lars Petter Vemøy frå kommunen, og driftsleiar i friluftsrådet Pål Henry Høyberg.

Friluftsrådet har ei rad egedelar som flytebrygger, bruer, toalett, grindbygg og gapahukar, grill/bålplassar, stupebrett, rastebenkar, informasjonsskilt mm. Desse ligg i hovudsak i regionalt viktige friluftslivsområde.



Knusing av gamledoen ved Blimsanden

Mellom nye tiltak som vart gjennomført i 2020 er skjellsand på badestranda i Bolvika i Sula, fullføring av gapahuken i Helsemvika i Stranda, infotavle ved Kjerringnesvatnet i Ulstein og flytting av toalettet på Blimsanden på Vigra i Giske.



Det nyaste toalettet er flytta til trygg grunn, berre ny måling mangla då bildet vart tatt.

Sykkelparkeringsstativ



Sykkelparkeringsstativ frå Simek i Stordal på plass i Murvika i Skodje. A-forma gjer det råd å låse fast både ramme og hjul på syklane, og gir god støtte.

Som ein følge av koronapandemien lyste regjeringa ut krisepakkar til ulike delar av næringslivet. Krisepakke 3 handla om tiltak i statleg sikra friluftslivsområde, med vilkår om at tildelte midlar skulle bidra til sysselsetting av lokalt næringsliv. Sunnmøre friluftsråd fekk innvilga kr. 675 000 til utvikling, produksjon, montering og utplassering av sykkelparkeringsstativ i statleg sikra friluftslivsområde i medlemskommunane.

To lokale bedrifter leverte tilbod, og vi valte å fordele oppdraget mellom dei: Simek AS i Stordal fekk hovuddelen av ordren, medan Arkeoplan i Molde leverer til den eine av kommunane, Vestnes. Etter kontrakt og prosjektplan med friluftsrådet vart det produsert 100 stativ. Desse vart fordelt på 38 statleg sikra friluftsområde på Sunnmøre etter dialog med medlemskommunane om behov og ønske.



Sykkelparkeringsstativa frå Arkeoplan på plass i Kråkvika i Vestnes. Driftsleiar Pål Henry Høyberg er fornøgd.

Utkøyring av stativa var del av kontraktene med Simek og Arkeoplan. Dei største og mest brukte friluftsområda fekk flest stativ.

Oversikt over statleg sikra friluftsområde som har fått/får stativ for sykkelparkering:

Medlemskommune	Statleg sikra friluftsområde
Fjord	Parkeringsplassen på Overøye og Øyna
Stranda	Helsemvika, Skaffarhaugen/Barlia, Øykjeberget, Badeplassen Hellesylt, Flovegen, Ljøsætra/Brekka og Flydalsjuvet
Sula	Jentavika og Kaffivika (Vassetvatnet), Bolvika, Nøringset og Eikrem
Sykkylven	Ørsnesoddane og Haugneset bade plass
Ulstein	Kjerringnesvatnet og Eiksund bade plass
Volda	Årneset og Andaneset
Ørsta	Vekselet, Badeberget Hovdevatnet, Bondalseidet og Nakkestranda
Ålesund	Emblemsanden, Tueneset, Parrvika, Stafsethneset, Sandingane, Aksla, Mauren, Skråvika (Ålesund), Håhjem, Murvika, Skråvika (Sjøholt), Osberget og Gurinesbukta
Vestnes	Kråkvika og Leirvågen

Giske, Vanylven, tidl. Norddal og tidl. Sandøy har ingen statleg sikra friluftslivsområde og kan derfor ikkje få sykkelparkeringsstativ i denne omgangen.

Vi rakk ikkje å sette ut alle stativa før vinteren kom, men det vil skje i løpet av våren 2021. Då vil stativa frå Simek også bli festa med jordspyd.



Kråkvika i Vestnes.



Flofjellet i Stranda.



Synfaring hos Simek i Stordal.

Statleg sikring



Skråvika på Sjøholt er eit av dei statleg sikra friluftsområda der friluftsrådet tek ansvar for drift og skjøtsel.

Med midlar frå Miljødirektoratet og Møre og Romsdal fylkeskommune har friluftsrådet dei siste åra vore ein pådrivar og hjelper for kommunane i arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftsområda sine. No er midlane oppbrukte og prosjektet avslutta. Men det er viktig at også dei kommunane som ikkje hadde høve til å delta då, også samlar og kartfestar informasjon om friluftsområda sine. Dette kartgrunnlaget er eit viktig hjelpemiddel i alt arbeid med arealplanar vidare, og i arbeidet med å sikre dei viktigaste områda og ferdselsårene for friluftslivet.

Kartlegginga må vere gjennomført for å kunne søkje om statleg sikring av viktige friluftslivsområde

Statleg sikring betyr at staten kjøper friluftslivsområde som er spesielt viktige for befolkninga. Staten kan betale inntil 100% av kostnadane dersom arealet er regionalt viktig, og 50% dersom det mest er lokalbefolkninga som brukar det. Kommunen får så råderetten over området, som ikkje kan brukast til anna enn friluftsliv etter kjøpet. Etter avtale, kan kommunane delegera heile eller delar av ansvaret for drift og skjøtsel til friluftsrådet.

Friluftsrådet søkjer kvart år offentlege midlar til tilretteleggingstiltak i desse områda. Det kan vere til tiltak som gapahukar, bålplassar, stupebrett, flytebrygger, stiar, toalett, parkeringsplass osv. Føresetnaden er at kommunane i samråd med friluftsrådet lagar forvaltningsplanar for kvart av områda, som skal godkjennast av fylkeskommunen.

Dei siste åra har det blitt sett av 30 millionar kroner i statsbudsjettet til sikring og tilrettelegging av slike områda. Dei aller fleste søknadane blir innvilga, og dette er ei viktig kjelde til finansiering av tilretteleggingstiltak. Berre kommunar og friluftsråd kan søkje om midlar frå denne ordninga.

Kontor, verkstad, lager og utstyr

Sidan hausten 2011 har friluftsrådet hatt kontor, lager og verkstad på Kongshaugstranda 105 i Vegsundet i Sula kommune. Her leiger vi no sju kontor med diverse fellesareal, og om lag 320 m² lager og verkstadlokale. Aktivitetsleiar har heimekontor i Volda.

Vi disponerer tre arbeidsbilar, fire båtar, ein beitepussar, fleire bilhengarar og anna nødvendig utstyr og reiskapar.

I utstyrsbasen for utlån har vi mellom anna tre kajakkhengarar med 14 kajakkar på kvar, lavvoar, truger, kokeutstyr for bål, snøformingssett, taubruer, discgolf mm.

Lageret er delt inn i avdelingar for utstyrsutlån, utstyr til Leikepatruljen, marin forsøpling, Stikk UT! og verkstader.

I 2020 har friluftsrådet investert gjennom tippemidlar i 6 nye lavvoar og 5 nye kajakkar. Sidan vi fekk investert i nye lavvoar, lånte vi først ut 5 eldre lavvoar etter loddtrekning til skular og barnehagar i medlemskommunane. Desse lavvoane fekk dei etter kvart overta som gåve frå friluftsrådet.



Friluftsrådet eig fire båtar i ulike storleikar og til ulike formål som også Skjergardstenesta får bruke når «Rigmor» ikkje passar til oppdraget. Her er skipper Torgeir Sund og matros Christian Ødegaard på jobb med den lette aluminiumsbåten.

Økonomi og rekneskap

INNETEKTSFORDELING		
Inntekter	2019	2020
Medlemskontingent	2 313 192	2 627 069
FL adm.tilskot	590 000	600 000
FK adm.tilskot	230 000	230 000
FK tilskot tilretteleggingstiltak	494 500	707 500
FK tilskot friluftslivsaktivitetar	465 000	212 000
FL tilskot tilretteleggingstiltak	50 000	775 000
FL tilskot friluftslivsaktivitetar	1 116 950	778 100
Gj.sidigestif. Leikepatruljen	1 250 000	1 250 000
M-dir marin forsøpling	2 000 000	2 250 000
Tilskudd innvilga, ikkje utbet.		631500*
M-dir/FK kartlegging og verdsetting	409 800	
M-dir. investeringstilskot "Rigmor"	225 128	237 000
M-dir. Driftstilskot Skj.tenesta	1 100 000	1 300 000
FK driftstilskot Skj.tenesta	400 000	600 000
FNR driftstilskot Skj.tenesta	150 000	150 000
SF driftstilskot Skj.tenesta	500 000	550 000
Handelens Miljøfond, marin forsøpl.	150 000	
Andre tilskot Skj.tenesta	250 000	370 000
Prosjektinnt. Skj.tenesta	101 400	
ÅST leigeinntekt lager / leigeinntekter	30 000	30 000
Salsinntekter nettbutikk mm	418 500	469 175
Gevisnt ved salg driftsmidler		5 600
Andre driftsinntekter	350 934	3 710
Sum inntekstfordeling	12 595 404	13 145 154
KOSTNADSFORDELING		
Utgifter	2019	2020
Lønn	5 586 792	6 091 367
Varekostnader	2 527 093	3 614 380
Avskrivningar	319 873	349 140
Andre driftskostnader	3 093 893	3 371 178
Sum kostnadsfordeling	11 527 651	13 426 065
Ordinært resultat inkl. finanskostnader, før skattekostnad	1 103 452	384 459

Forkortingar brukt i tabellen:

FL= Friluftsrådernes Landsforbund

GJ.sidigestif.= Gjensidigestiftelsen

FNR=Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal

FK= Møre og Romsdal fylkeskommune

M-dir.= Miljødirektoratet

ÅST= Ålesund-Sunnmøre Turistforening

Teksten er ikkje ferdig:


Årsoppgeret viser ein omsetnad i 2020 på xx millionar kroner og eit resultat på kr. 1,1 mill. (2019: 11,5 mill. i inntekter og overskot på knapt 1,1 mill.) Ein del av overskotet er sparte lønnsutgifter til matros i Skjergardstenesta. Tilsettinga vart utsett

til mai 2020. Vel kr. 500 000 av overskotet i 2019 blir sett av på fond, som bidrag til framtidig finansiering av ny båt til Skjergårdstenesta?


Ca. 1,1 mill. er overførte til neste år. Innvilga midlar til Liljedalsbrua over Spjelkavikelva i Ålesund måtte betalast tilbake i 2020 etter melding frå Ålesund kommune om at prosjektet måtte utsettast.

Lønnsutgiftene er vel xx mill. høggre enn i 2019. Då var dei unormalt låge pga. lange sjukmeldingsperiodar.

Medlemskontingenten frå kommunane er xx prosent av inntektene i 2020. Resten er i all hovudsak prosjekt-, administrasjons- og driftsmidlar frå Miljødirektoratet, Gjensidigestiftelsen, Møre og Romsdal fylkeskommune, Friluftsrådernes Landsforbund og Handelens Miljøfond. Vel kr. xx er inntekter frå m.a. medlemsskap i Stikk UT! Bedrift og sal av Stikk UT! effektar i nettbutikken.



Figuren viser fordeling av inntekter i Sunnmøre friluftsråd i 2020.



Figuren viser fordeling av inntekter i Sunnmøre friluftsråd i 2019.

For kvar krone medlemskommunane betalte i kontingent i 2020, skaffa friluftsrådet **4,44..** kroner frå andre kjelder.

Vi rettar ein stor takk til deltakarkommunane, Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Gjensidigestiftelsen, Friluftsrådernes landsforbund og Handelen Miljøfond, som i hovudsak har finansiert arbeidet til friluftsrådet i 2020!

Vedlegg til årsmeldinga

Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane

Dei fleste medlemskommunane til friluftsrådet har eitt eller fleire statleg sikra friluftsområde, og nye kjem til etter kvart som kommunane får kunnskap om denne ordninga. Friluftsrådet har fullt driftsansvar for ni av dei, og delansvar for tiltak (t.d. toalett) i fleire av dei andre. Søknader om midlar til nye tilretteleggingstiltak i statleg sikra friluftsområda blir sendt kvart år, i samråd med kommunane.

Oversikt over friluftsområde der friluftsrådet har ansvar for

Kommune	Namn	Areal/da	Eigar	Sikringsstatus	Tilrettelegging
Giske	Blimsanden	10	Privat	Regulert	2 Toalett, tilkomstveg, vegbom
Sula	Langevågs- holmane	114,3	Staten	Statleg sikra	Turstiar, 2 brygger, kai, bålplassar, toalett. Benkar.
	Eikrem Vassetvatnet Bolvika	6,1	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, garasje, toalett
				Kommunen	Statleg sikra
Vestnes	Kråkvika	101,6	Staten	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg, turstiar, servicebygg med toalett, gapahuk og bålplassar, bade/fiskemolo, 2 stk. vegbommar
	Leirvågen	165	Kommunen	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg m/bru, parkeringsplass
Ålesund (tidl. Haram)	Bjørnøya	200	Privat	Avtale m/ grunneigar 10 år	* Kystfort, turveg og stiar, informasjon, kvilebenkar etc
	Gurinesbukta	5,4	Kommunen	Statleg sikra	Parkeringsplass, veg, bade/fiskebrygge, rullestolrampe, toalett, badestrand, bålplass, grindbygg.
Ålesund (tidl. Skodje)	Mauren	315,5	Staten	Statleg sikra	Turveg, tursti, 2 p- plasser, servicebygg med toalett
	Håhjem	80	Kommunen	Kommunal eigedom – regulert	Tursti, P-plass, vegbom, toalett, gapahuk, bålplass
Ålesund (tidl. Ørskog)	Skråvika og Osberget	10	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, turveg, toalett, vegbom, badestrand, stupebrett, info.skilt
Ålesund	Svinøya	227,4	Staten	Statleg sikra	2 toalett, turstiar, natur- og kultursti, 2 gjestebrygger, grillplass, kystleihytte, trapper.
	Vikholmen Hundsvær Stafsethneset	90	Kommunen	Kommunalt sikra	Kai, turstiar, toalett
		80 28,2	Kommunen Kommunen	Kommunalt sikra Statleg sikra	Gjestebrygge, skogrydding. Hageanlegg, parkeringsplass, brygger, toalett, vegbom, bålplass, sandstrand, tuslesti mm.
Fjord (tidl. Stordal)	Øyna	49,5	Privat		2 bruer, toalett
Stranda	Helsemvika		Kommunen	Statleg sikra	Grindbygg under oppføring
SUM		1423,5 da			

I tillegg har Friluftsrådet heilt eller delvis ansvaret i desse områda:

- Parrvika friluftsområde i Ålesund kommune
- Tueneset friluftsområde i Ålesund kommune
- Spjelkavikelva friluftsområde i Ålesund kommune
- Murvika friluftsområde i Ålesund kommune
- Vassetvatnet friluftsområde i Sula kommune
- Sti til Hamnsundhellaren i Ålesund kommune
- Sti mellom Alnes og Juv i Giske kommune
- Sti mellom Sandvika og Nøringset i Sula kommune
- Parkeringsplass ved Eikenosa i Ålesund kommune
- Parkeringsplass ved Storsætra i Ålesund kommune
- Skiløyper rundt Mevatn og Svartløken i kommunane Ålesund, Vestnes og Ørskog
- Sti til Skjonghellaren i Giske kommune
- Den Trondhjemske Postveg gjennom kommunane Vestnes og Ørskog

Oversikt egedelar i Sunnmøre friluftsråd (KO)

Gjenstandar	Kommune	Lokalisert
Gjestebrygger og kaier	Giske	Godøya Ytterland
	Fjord	Dyrkorn
	Sula	Storholmen 2 stk Brennholmen
	Ålesund	Austnes Søvik Dampskipskaia Mauren Svinøya Svinøya Hundsvær Sunnmøre Museum Svinøya Vikholmen Stafsethneset
Bruer	Fjord	Store Ådalselva Elvabytet
	Ålesund	Fosslibrua (Måslia) Postvegen over Tverrelva Mevatnet
	Vestnes	Kråkvika 3, Leirvågen 1
Toalett	Giske	Blimsanden
	Sula	Taustua Eikrem Storholmen Vassetvatnet
	Fjord	Overøye Norddalsstranda 1 stk midlertidig

Toalett	Ålesund	Gurinesbukta Gjersetvatnet Murvika Håhjem 2 stk. Svinøya Vikholmen Parrvika 2 stk. Tueneset Lillevatnet Sandingane Stafsethneset 2 stk. Voldsdalsberga Skråvika, Brauta, Vaksvikfjellet
Toalett/ reiskapsbu	Ålesund	Mauren Svinøya
	Vestnes	Kråkvika
Gapahuk/ grindbygg	Ålesund	Gurinesbukta
	Sula	Lervågen Håhjem Vassetvatnet
	Vestnes	Kråkvika
	Stranda	Helsemrika (ny 2020)
Bålplass	Vestnes	Kråkvika (2 stk)
	Ålesund	Stafsethneset Svinøya
	Sula	Storholmen
Informasjons- tavler	Sula	Eltrane Sandvika
	Ulstein	Kjerringnesvatnet (ny 2020)
	Giske	Godøya (3stk)
	Ålesund	Stafsethneset Osberget Skråvika
Bade- /fiskebryggje	Vestnes	Kråkvika
	Ålesund	Gurinesbukta
Raste- og kvilebenkar	Stranda	Flofjellsvegen
	Ålesund	Fjordstien
Andre eigendelar:		
Handreiskap og verkty		
Beitepussar og slåmaskinar		
Tilhengarar og båthengar		
Fire arbeidsbåtar med motor		
Div. aktivitetsutstyr		
Utstyrsbase med kajakkar, lavvoar, truger mm til utlån		
Diverse kontor- og pc-utstyr		

Gjeldande samarbeidsavtale for Sunnmøre friluftsråd (KO) vedteken 2020

Samarbeidskommunane har gjort vedtak om å organisere Sunnmøre friluftsråd som Kommunalt Oppgåvefelleskap (KO) etter kapittel 19 i Kommunelova.

§ 1 – NAMN PÅ OPPGÅVEFELLESKAPET

Namnet på oppgåvefelleskapet er Sunnmøre friluftsråd, Kommunalt Oppgåvefelleskap, som kan forkortast til Sunnmøre friluftsråd (KO), i det følgjande kalla «friluftsrådet».

§ 2 - DELTAKARKOMMUNAR

Friluftsrådet består av kommunane Giske, Fjord, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vestnes, Volda, Ørsta, Vanylven og Ålesund. Nye deltakarkommunar skal godkjennast av representantskapsmøtet.

§ 3 - FORMÅL

Oppgåvene til Sunnmøre friluftsråd (KO) er, i samarbeid med deltakarkommunane, andre offentlege styresmakter og organisasjonar, å arbeide for å:

- a) Fremje allsidig og miljøvennleg friluftsliv i regionen deltakarkommunane omfattar, til beste for trivsel og helse for ålmenta.
- b) Fungere som kompetansesenter for friluftsliv for deltakarkommunane og andre samarbeidspartar.
- c) Skape større forståing for nytten av friluftsliv.
- d) Stimulere til friluftsliv for alle.
- e) Legge til rette for fysisk aktivitet for barn og unge.
- f) Utarbeide planar som skal ligge til grunn for rådet sitt arbeid.
- g) Vere ein pådrivar for deltakarkommunane i friluftslivssaker og ein høringsinstans i viktige saker for friluftslivet.
- h) Arbeide med sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag til bruk for ålmenta.
- i) Gjennom Skjergardstenesta gjere sjøbaserte friluftslivsområde attraktive og tilgjengelege for ålmenta.
- j) Vere ei koordinerande eining og tilretteleggar for frivillig arbeid mot marin forsøpling.

§ 4 - ORGANISASJON

Dei faste organa til friluftsrådet er representantskapet, styret og dagleg leiar. Styret kan velje å opprette arbeidsutval som omtalt i § 7 og eit fagleg samarbeidsforum som omtalt i § 9.

Friluftsrådet er tilslutta Friluftsrådenes Landsforbund.

§ 5 - REPRESENTANTSKAPSMØTE

Representantskapsmøtet er høgste styresmakt i friluftsrådet og skal haldast innan utgangen av mars kvart år. Kvar medlemskommune skal velje 2 representantar med vara til representantskapsmøtet for heile kommunevalperioden. Medlemskommunar med meir enn 20.000 innbyggjarar møter også med 2 representantar, men stemmene vert vekta etter innbyggjartal (vektig: 40.000 innbyggjarar gir 4 stemmer og 60.000 innbyggjarar gir 6 stemmer).

I samsvar med Kommunelova skal begge kjønn vere representerte når det blir valt 2 eller fleire representantar. Styremedlemmane møter med møte- og talerett i representantskapsmøtet.

Representantskapsmøtet er også ope for andre interesserte. Representantskapsmøtet avgjer i kvart enkelt høve om andre frammøtte skal ha talerett i ei eller fleire saker på møtet.

Representantskapsmøtet er vedtaksført når det er lovleg innkalla og kunngjort i samsvar med arbeidsavtalen.

Representantskapsmøtet skal kallast inn etter vedtak i styret, og med minst 4 vekers skriftleg varsel. Sakliste og saksdokument skal ligge ved innkallinga.

Vedtaka fatta av representantskapsmøtet gyldige for alle samarbeidskommunane.

Representantskapsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling, sakliste og utsendingar.
2. Velje ordstyrar, sekretær og 2 representantar til å signere protokollen.
3. Godkjenne eventuelle nye deltakarkommunar, jf. § 2.
4. Handsame årsmeldinga til styret, som skal gjere greie for gjennomføringa av fjorårets arbeidsplan og oppfylle krava til rapportering frå deltakarkommunane.
5. Godkjenne rekneskap med revisjonsmelding.
6. Vedta årets arbeidsplan.

7. Vedta budsjett, eventuelle prosjekttilskot eller andre bidrag frå deltakarkommunane, og fastsette neste års medlemskontingent. Ein auke utover 2% frå året før krev 2/3 fleirtal på representantskapsmøtet.
8. Handsame innkomne saker.
9. Vedta eventuelle endringar i samarbeidsavtalen, jf. § 11.
10. Velje:
 - a) styre med personlege vara i samsvar med § 7 i samarbeidsavtalen
 - b) leiar og nestleiar i styret mellom medlemmane i det alt valte styret
 - c) revisor
 - d) valnemnd på 3 medlemmar og 1 varamedlem

I samsvar med Kommunelova skal begge kjønn vere representerte når det blir valt 2 eller fleire representantar. Det skal minst vere 40 % av kvart kjønn i styret.

Styret skal legge fram ei gyldig samansetning til representantskapsmøtet. Dersom val av styrerepresentantar frå kommunane samla sett ikkje oppfyller 40%-regelen, vert samansettinga av nye styrerepresentantar avgjort ved loddtrekning eller etter frivillig avtale mellom kommunane.

Medlemmane i styret har ei funksjonstid på to år, maksimalt 8 år samanhengande. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmane vere på val kvart år.

Vararepresentantane til styret vert valde for same tidsperiode som tilsvarende styremedlem.

Revisor og medlemmane av valnemnda vert valde for eitt år.

Alle val skal vere skriftlege dersom nokon ber om det. Når kandidatar skal veljast enkeltvis og ingen av kandidatane oppnår fleirtal, skal det gjennomførast omval mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster. Er det etter omvalet like mange røyster på kvar kandidat, skal valet avgjerast ved loddtrekning.

Alle vedtak på representantskapsmøtet skal avgjerast med vanleg fleirtal. Unntaket er sakene som etter vedtektene krev kvalifisert fleirtal.

Ved stemmelikskap i saker som krev vanleg fleirtal, avgjer dobbeltstemma til leiaren, sekundært vara for leiar.

§ 6 - EKSTRAORDINÆRT REPRESENTANTSKAPSMØTE

Ekstraordinært representantskapsmøte kan innkallast med minst 3 vekers skriftleg varsel etter vedtak i styret, eller når 2 eller fleire av deltakarkommunane krev dette skriftleg.

Saklista skal leggest ved innkallinga.

Ekstraordinært representantskapsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga, og er vedtaksført med dei frammøtte representantane. For vedtak gjeld same reglane som i det ordinære representantskapsmøtet.

§ 7 - STYRET

Kvar medlemskommune har 1 styremedlem med personleg vararepresentant pr. 20.000 innbyggjarar, men ikkje fleire enn 3 medlemmer frå kvar kommune. Ein tilsettrepresentant tiltrer styret med tale- og forslagsrett. Styret har leiaransvaret for friluftsrådet mellom representantskapsmøta.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades. Alle vedtak i styret vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom det vert like mange røyster for og imot, avgjer leiaren med dobbeltstemme.

Leiaren avgjer når styret skal møtast. Styret kan også innkallast når eit fleirtal av styremedlemmane ønskjer det. Nestleiar tek over møteleiinga dersom leiar ikkje kan møte.

Arbeidsoppgåvene til styret er mellom anna:

1. Tilsette dagleg leiar og fastsette stillingsinstruks og løn for vedkomande, jf. § 8.
2. Fremje oppgåvene til friluftsrådet i samsvar med samarbeidsavtalen, arbeidsplan og vedtak i representantskapsmøte.
3. Leie drifta i friluftsrådet og ha ansvar for økonomistyring i samsvar med vedtatt budsjett.
4. Å kunne gi fullmakter (økonomisk og juridisk).
5. Ha ansvar for at det vert ført rekneskap, og ført protokoll over alle møte og forhandlingar.
6. Sende referat frå årsmøtet til alle samarbeidskommunane, til fylkeskommunen og til Friluftsrådernes Landsforbund.
7. Førebu saker til representantskapsmøte med framlegg til vedtak om arbeidsprogram, budsjett og kontingent, jf. § 5.

Styret kan velje eit arbeidsutval blant medlemmane, leiar og nestleiar inngår i arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet kan å førebu saker for styret og fatte vedtak etter delegering frå styret. Dette omfattar avgrensa oppgåver som t.d. lønnsutval, konkrete prosjekt og liknande. Arbeidsutvalet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei styret på førehand gir fullmakt til.

§ 8 - DAGLEG LEIAR/ADMINISTRASJON

Dagleg leiar har resultatansvar mot styret, det overordna administrative ansvaret for den daglege drifta av friluftsrådet og personalansvaret for dei tilsette.

Dagleg leiar skal gjennomføre arbeidsoppgåver, retningslinjer og pålegg gitt i styrevedtak. Oppgåver og ansvar skal gjennomførast på ein måte som er i samsvar med friluftsrådets formål gitt i § 3.

§ 9 - FAGLEG SAMARBEIDSFORUM

Styret kan be medlemskommunane ved rådmann/kommunedirektør å oppnemne personar frå kommuneadministrasjonen til ei administrativ fagleg samarbeidsforum/eit fagråd for friluftsrådet.

Medlemmane bør representere den eller dei etatar/einingar som arbeider med friluftsliv i kvar kommune. Også andre frilufsorganisasjonar m.v. kan få tilbod om å møte.

Dagleg leiar innkallar til møta i samarbeidsforumet og leier møta. Forumet tek opp saker av praktisk og administrativ karakter, og er eit forum for samordning og erfaringsutveksling. Deltakarane kan hjelpe dagleg leiar med førebuing av saker for styret.

§ 10 - ØKONOMI

Friluftsrådet er eit eige rettssubjekt som fører eigen rekneskap.

Samarbeidskommunane skal betale eit årleg tilskot (kontingent) til verksemda. Representantskapsmøtet avgjer eit årleg tilskot som ein sum pr. innbyggjar i kvar samarbeidskommune, basert på folketalet frå Statistisk Sentralbyrå frå føregåande år.

Framlegg som inneber meir enn 2% reell auke i kontingenten frå medlemskommunane krev 2/3 fleirtal på årsmøtet. Friluftsrådet kan ikkje ta opp lån eller pantsette eigedom utan at dette er godkjent av medlemskommunane på førehand.

§ 11 – ENDRINGAR I SAMARBEIDSAVTALEN

Endringar i samarbeidsavtalen kan berre gjerast på representantskapsmøte, eller ekstraordinært representantskapsmøte, og krev 2/3 fleirtal.

§ 12 - UTMELDING

Ein deltakarkommune kan melde seg ut av friluftsrådet etter skriftleg varsel og lovleg fatta vedtak i kommunen. Utmeldinga blir først gyldig når kommunen har betalt medlemskontingenten også for det året utmeldinga tek til å gjelde.

Deltakarkommunar som går ut av samarbeidet tek over oppgåvene friluftsrådet har utført for kommunen. Eventuelle friluftsområde friluftsrådet eig i vedkomande kommune skal overførast til kommunen. Utover dette har ikkje kommunar som går ut av samarbeidet krav på eigedommar eller verdjar.

§ 13 - OPPLØYSING

Oppløysing av friluftsrådet kan berre vedtakast på eit ordinært årsmøte og med minst 2/3 fleirtal.

Framlegg om oppløysing må vere oppført på saklista som medlemmane må ha fått tilsendt minst 14 dagar før møtet.

Blir oppløysing vedtatt med minst 2/3 fleirtal, skal det haldast ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare med oppløysing på saklista.

Dersom friluftsrådet blir oppløyst skal alle omsettelege aktiva seljast. Saman med andre kontante midlar skal verdiane delast mellom medlemskommunane, i samsvar med kontingenten frå kvar enkelt. Kvar kommune tek over oppgåvene friluftsrådet tidlegare har utført.

§ 14 - TOLKING AV SAMARBEIDSAVTALEN - VOLDGIFT

Dersom det oppstår tvist mellom samarbeidskommunar om tolking av avtalen, og det ikkje er råd å bli samde, skal tvisten avgjerast ved voldgift etter Tvistemålslova.

§ 15 - GYLDIG FRÅ

Samarbeidsavtalen er gyldig frå det tidspunkt at kommunestyra i medlemskommunane har fatta vedtak om at dei sluttar seg til avtalen.

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 46 pages before this page

Dokumentet inneholder 46 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 46 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 46 sider før denne side

Detta dokument innehåller 46 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 47 pages before this page

Tämä asiakirja sisältää 47 sivua ennen tätä sivua

Detta dokument innehåller 47 sidor före denna sida

Dokumentet inneholder 47 sider før denne siden

Dette dokument indeholder 47 sider før denne side

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende